

## **PROSEDYRE ved KLAGING på karakter**

### **Ønskjer du å klage på karakterar?**

Du kan klage på standpunkt- og/eller eksamenskarakterar. Det er også mogleg å klage på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakterar (IV). Du, eller den du gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldre til elevar under 18 år har sjølvstendig klagerett.

### **Klagefristen er:**

10 dagar, og den skal reknast frå det tidspunktet meldinga om vedtaket er komen fram til deg, eller at du burde ha gjort deg kjent med karakteren.

Når du ønskjer å klage, er det ein del ting du bør vite:

1. Klagen må vere skriftleg, og den må innehalde privatadressa di. Klagen må vere underskriven av klagaren.
2. Klagen skal sendast til rektor.
3. I klagen skal du skrive kva for ein karakter du klagar på, og kvifor du klagar.
4. Når du klagar, skal du vere merksam på at klagebehandlinga kan føre til at: *karakteren blir ståande, karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.*

### **Klage på standpunktkarakterar:**

Klagen skal sendast til rektor som ber faglærer skrive ei grunngiving for karaktersetjinga. Saman med ei fråsegn frå rektor om skolen si saksbehandling blir så klagen send til Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga. Utdanningsavdelinga avgjer om du skal få ny vurdering eller ikkje. Om avgjerda er at du skal få ny vurdering, vurderer rektor og faglærer karakteren på nytt, og rektor set endeleg karakter. Denne avgjerda kan du ikkje klage på.

### **Klage på skriftleg eksamen:**

Eksamen vert sendt til til ny vurdering i eiga klagemnd.

### **Klage på muntleg, og praktisk/muntleg eksamen:**

Du kan ikkje klage på karakteren i muntleg eller praktisk/muntleg eksamenar. Men du kan klage på feil ved gjennomføringa av eksamen. Får du medhald i dette vil karakteren bli sletta og du må ta ny eksamen.

Dersom du vil klaga på fleire karakterar, må du bruka eit skjema for kvar.  
(Klageskjemaet ligg på [www.tveit.vgs.no](http://www.tveit.vgs.no))

Nedstrand, 11.06.2018

Per Helle  
Avdelingsleiar

Kåre Åsheim  
Rektor